



Det kongelege barne- og likestillingsdepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP.	
Arkivkode:.	431.0
Dato:	22.09.09
Saksnr:	200702425-0911

HØYRINGSUTTALE - UTREDNING OM FRITIDSMILJØ FOR UNGDOM OG DELTAKING OG MEDVERKNAD LOKALT

Vi viser til Dykkar brev av 21. april d.å., vedrørende ovannemnte utredning.

Utredninga har fokus på følgjande to hovudproblemstillingar:

- 1) Den set søkjelys på fritidsmiljøet for ungdom lokalt og korleis kommunane kan tilretteleggje for positive fritidstilbod for ungdom.
- 2) Den vurderar korleis spørsmål knytt til ungdom sine mogelegheiter for påverknad og deltaking i demokratiske prosessar er til stades og kan utviklast.

I tilknytning til dei to problemstillingane over er det sett opp til saman 16 hovudpunkt, med ei rekke konkrete underpunkt. Vi har ikkje vurdert kvar einskild problemstilling for seg, men er langt på veg samd i det som blir løfta fram som hovudutfordringar i utredninga.


Vi er særskilt opptatt av faktorar som utvikling av kompetanse innan kultur- og fritidsarbeidet og ønskjer velkommen ei eventuell nasjonal satsing på høgskuletilbod for ungdomsarbeidarar/-leiarar, jf. det tilbodet ein har i Danmark og Sverige. Likeeins er forskning og utvikling innan fritidsfeltet sentrale element. I tillegg er det viktig at kultur- og fritidsarbeid, for og med ungdom, blir definert ut frå sin eigenverdi slik at ungdomsarbeidet ikkje berre blir legitimert ut frå førebyggingsomsyn.

I utredninga blir det m.a. peika på at det er stor variasjon i norske kommunar når det gjeld ungdom og demokrati og at det difor er viktig å finne ei god balanse mellom ønskje om like mogelegheiter for demokratisk deltaking på den eine sida og lokale ønskje og variasjonar på den andre sida. Vi støtter denne vurderinga.

Utredninga inneheld ein grundig gjennomgang av fritidsfeltet for ungdom, i første rekke kommunale ungdomstilbod for aldersgruppa 13-19 år, og vi meiner det er svært viktig at det blir sett skikkeleg søkjelys på dette feltet, jf. problemstillingane over.


Avslutningsvis vil vi kome med ei sterk oppmoding om at det blir avsett ressursar til kommunane, i form av statlege midlar, til styrking og utvikling av lokale ungdomstilbod. Dette skuldast ikkje minst at slike ungdomstilbod er ei ikkje-lovpålagt oppgåve som lett blir ein salderingspost i stramme budsjettider.

Med helsing



Ejom Meling

Kommunalsjef



Stian Langeland
fritidssjef